



Frank Mohn Mongstad AS
Imr Operations AS
Storemyra 279
5954 MONGSTAD

Referanser:
Dykker:
Vår: 14/1480 - 15/26533

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
18.08.2015

Ber om ytterligare informasjon vedkommande fettutskiljar ved Frank Mohn Mongstad - gbnr 127/106

Teknisk drift syner til tidlegare korrespondanse vedkommande rapportering av fettutskiljar ved Frank Mohn Mongstad. Teknisk drift har motteke informasjon om anleggets storleik, kven som har installert anlegg og tømmerrapport for 2013. Innsendt dokumentasjon har eit format som gjer at kommunen berre kan lese deler av dokumentet. Teknisk drift ber om at dokumentasjonen vert sendt inn på nytt samman med kopi av kvittering frå tømmeoperatør.

Lindås kommune skal nå til med å registrere opplysningene i elektronisk arkiv over utskiljaranlegg i kommunen. Det er i samband med dette arbeidet vi har registrert manglar ved innsendt dokumentasjon.

Følgjande dokumentasjon er framleis ikkje motteke:

- Tømmeavtale med godkjent tømmefirma. Det skal til ein kvar tid ligge føre tømmeavtale med godkjent tømmeoperatør. Avtalen skal være signert av begge parter. Kommunen skal ha kopi av avtalen. Dersom De framleis ikkje har inngått slik avtale, må dette rettast opp og signert avtale sendast inn til kommunen. Anleggets tømmefrekvens avhenger av anleggets storleik og vert avgjort av Teknisk drift, VVA, ut i frå berekninggrunnlag i søknad. Verksemda kan inngå avtale med tømmeoperatør (totalpakke) der operatør påtar seg all rapportering til kommunen.
- Berekningsgrunnlag som Multiconsult har utførte ved val av utskiljarstørrelse. Dette skulle ha vore kommunen i hende i samband med søknad om tilknytting av fettutskiljar til kommunalt leidningsnett. Vi kan ikkje sjå å ha motteke slik søknad frå røyrlaggar som har installert anlegget.
- Temperaturlogg av anlegg over 3 døgn. Utskiljaranlegg skal under temperaturlogging være i full drift (logging skal ikkje utførtast i helger eller i ferier). Logginga skal være utført rett før tømming av anlegg. Dersom De ikkje har fått utført logging av temperatur i anlegg, ber vi Dykk om å få dette utført før neste tømming.



- Plassering av anlegg («Asbuilt» teikningar - målestokk 1:500). Teikning skal viser kva som er ført på anlegg. Anlegg skal være målt inn i forhold til bygg.

Vi har også registrert at det ikkje er sendt inn rapport for 2014 (tømme- og vedlikehaldsrapport, samt temperaturlogg). Frist for innsending av rapport for 2014 var 1 februar 2015.

Teknisk drift sett nå ei frist for innsending av manglande dokumentasjon til **måndag 14.09.2015**. Dersom dokumentasjon ikkje er motteke innan fristen går ut, vil Teknisk drift kalle Dykk inn til møte.

Det er med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser», forskrift for fettutskiljar i Lindås kommune, samt «Utsleppsløyve for Lindås kommune» frå Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavdelinga at Teknisk drift krev ut innrapportering av fettutskiljar anlegg ved Frank Mohn Mongstad.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Avdelingsleiar vatn og avlaup

Mottakarar:

Frank Mohn Mongstad AS

Storemyra 279

5954

MONGSTAD